

# Møtedokument til årsmøte i Lærdal Idrettslag

**Dato: 01.06.16, klokka 19.00**

**Stad: Kvammes Pub og Kafe, Lærdal**

**Sak 01/16: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Tilråding til vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Sak 02/16: Val av møteleiar**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Sak 03/16: Val av skrivar**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagt fram utan tilråding

**Sak 04/16: Val av to til å skrive under møteprotokollen**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagd fram utan tilråding.

**Sak 05/16: Korrigering/justering av sak 19/15 Godkjenning av plan for attreising av klubbhuset etter brann**

Tilråding til vedtak:

- a. Styret får fullmakt til å ta opp lån til mellomfinansiering av spelemidlar på kr 500.000 med pant i kommunal garanti frå Lærdal kommune. Lånetida vert sett til 10 år.
- b. Styreleiar og eit styremedlem får fullmakt til å signere saman på låne- og sikkerheitsdokument på vegne av Lærdal Idrettslag.
- c. Lånet skal overførast til felleskonto for attreisinga, kontonummer 3730.04.97072.

## ***Utgreiing:***

I samband med låneopptaket i ISSB har banken gitt tilbakemelding at vedtaket i årsmøtet i 2015 ikkje er presist nok for å innvilge lånet. Det meste av vedtaket er i samsvar med retningslinjene i banken. Det er ut frå tilbakemeldinga frå banken laga nytt forslag til årsmøtevedtak.

Vedtaket (samrøystes) i årsmøtet i 2015 var som følgjer;

- a. Styret får fullmakt til å gjennomføra attreisinga av klubbhuset på skeisebana.*
- b. Styret får fullmakt til å nytte kr 400.000 til eigenkapital frå hovudlaget sine konto til attreising av klubbhuset.*
- c. Styret får fullmakt til å ta skaffe lånegaranti på kr 420.000 til fullfinansiering av attreising av klubbhuset.*
- d. Styret får fullmakt til å ta opp lån til mellomfinansiering av spelemidlar på kr 500.000 i ca 1 år.*
- e. Styret får fullmakt til å forhandle og avgjere oppgjersform med forsikringsselskapet*